



Slik bør sentrumsplassen "møblerast", meiner arkitektane.

**Uskedalen har eit særst godt utgangspunkt for å lage eit godt og tydeleg sentrum. Det slår Multiconsult fast i arealstrategien Arkitektane tykkjer at idag fører parkering, udefinert bruk og materialbruken til at plassen ikkje får den sentrale tydinga som den fortener.**

Sentrum kan styrkast gjennom oppgradering av torget. Betre forhold for uteservering både i hagen/parken og på plassen/torget vil betre omsetninga for serveringstiltaka og til fleire kundar i sentrum. Det må også arbeidast med å få meir aktivitet i passive butikklokalar.

Arealet mellom ungdomshuset, bruktbutikken og gamleskolen bør lagast til eit torg og ein plass med gjennomkøyring for fylkesvegen. Det bør settast av eit oppmerka område til parkering og parkeringa bør avgrensast mot torget ved hjelp av flyttbare blomkekassar eller lignande som kan flyttast ved store arrangement som til dømes Festidalen-

Det bør bli god tilkomst frå Sandavegen til torget. Plassen bør møblerast med Thaimatvognen, oppslagstavla og benkane slik at dei til saman dannar eit bra uterom. Det bør tilførast ny aktivitet som til dømes trampoliner eller balanseline.

Ålmenta bør sikrast tilgang til badeplassen ved campingen og nedafor skulen gjennom bruksavtale, leige, kjøp eller eventuelt ekspropriasjon. Det bør tilretteleggjast med bålplassar, toalett, avfallspann og for eingongsgrillar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

